



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2251 - 16/7437

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:  
01.06.2016

## Landbrukssak gbnr 22/1 Rikstad - deling av grunneigedom - handsaming etter jordlova - klage

Delegasjonssak nr.:

### Saksutgreiing:

Me viser til klage på vedtak i sak 15/2251, motteke 3.mars 2016

### Saksgang.

Saka skal leggest fram for politisk handsaming i hovudutvalet. Dersom klager ikkje får medhald der vert saka sendt vidare til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

### Saka gjeld:

Landbrukssjefen handsama søknad om deling av grunneigedom på gbnr 22/1 Rikstad etter jordlova den 18.januar 2016. Det vart gjeve avslag på søknad og det er motteke klage på vedtaket.

I klagen vert det peika på at det omsøkte alternativet er det minst skånsame alternativet på den aktuelle teigen. Det vert vidare peika på at gbnr 22/1 er ein liten gard på berre 60 dekar og at det er mange år sidan det har vore sjølvstendig drift på garden. Bygningane knytta til drifta er såleis forelda og utdatert. På bakgrunn av dette meiner klagar at det ikkje er pårekeleg med spreining av husdyrgjødsel. Klagar peikar vidare på at ein ny bustad på den omsøkte tomten vil styrka busettinga i Risnes krinsen.

## Vurdering :

Det vert innleiingsvis synt til saksutgreiinga av Landbrukssjefen av 18.januar 2016 knytta til fakta i saka. Dei vurderingar som vert gjort her er å kommentere klagar sine merknader og vurderer om det er innkome nye moment i saka.

Tross at den omsøkte tomta er det minst skånsame alternativet med tanke på tap av dyrka mark så er det likefult eit tap av dyrka mark. Vidare er det ei punktering av eit «samanhengande» landbruksområde fri for bustadhus og hytter. Den mest skånsame frådellinga er frådelling på utmark eller skrinne beiter som grensar inntil eksisterande hus og hytter. Fortetting kan også vere aktuelt. Det å kunne driva landbruk i eit større samanhengande område utan hus og hytter er ein stor fordel med tanke på rasjonell landbruksdrift inkludert spreieing av husdyrgjødsel. Sjølv om det er leigejord bør det nyttast husdyrgjødsel dersom ein har høve til det.

Det stemmer sikkert at den aktuelle tomten ligg i Risnes krins og at kommunedelplanen for Bø ikkje vedkjem Risnes krins. Likefult vil det truleg vere slik at Rikstad ikkje er det området med minst busetting innan Risnes krins. Truleg tiltar utfordringa knytta busetting/fastbuande lengre nord i Risnes krins.

## Konklusjon:

Radøy kommune v/ landbrukssjefen held fast ved vedtaket i saka av 18.januar 2016 og legg saka fram for politisk handsaming i hovudutvalet.

## Vedtak:

Radøy kommune held fast ved vedtaket i saka 18.januar 2016 og gjev ikkje søkjar medhald i klagen. Vedtaket har heimel i §§9 og 12 i jordlova .

Saka vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef

